

Til

NVE

Postboks 5091 Majorstuen

0301 Oslo

Kvithaugane/ Vartdal, 18.10.2017

Svar på parallelle fråsegner til høyring:

Tussa Energi As om opprusting og utviding av Vartdal Kraftverk i Ørsta kommune og

Vartdal Vassverk sin utsatte søknad fra 2010 om å ta naudvatn fra Nedre Svartevatnet

Desse to sakene høyrer saman og må vurderast under eitt. Som grunneigar må eg som eigen person påpeike ein del forhold etter befaringa på Skaret saman med NVE og Tussa m fl den regnfulle dagen 3.oktober 2017. Eg forstår at Tussa treng å oppruste anlegget sitt men eg forstår ikkje kvifor fjellheimen vår skal bli øydelagt fordi bygda skal tilføre berre meir og meir vatn til 2 private bedrifter i den lille bygda Vartdal. I si tid blei det sagt at her var vatn til 10000 innbyggjarar.

- **Minstevassføring**
- **Naudvatn- Auke reguleringa av Risaskarvatnet i staden for å tappe ned Nedre Svartevatn**
- **Sår i fjelllandskapet og kulturminner**
- **Beredskap og sikkerheit**
- **Økonomi- vassrekneskap og dobbeltroller**

Minstevassføring

I Tussa Energi sin søknad blir det skreve at det vil vere ei minstevassføring på 5 l/s. Dagen vi var på befaring på Skaret var etter ei lang tørr periode i september. Den dagen var der ca 50 l/s. Dette er også lite og eg meiner vi bør ha ulike vassføringar gjennom året. Minimum 80 l/s i vårperioden og lågare på vinteren. Tussa energi vil montere rør som er det dobbelte av i dag. Med rør på 60 cm diameter vil dei uansett klare å produsere meir straum ved mykje nedbørsmengder.

Minstevassføringa bør gå vidare ut i Storelva og uti Vartdalsfjorden dette for å halde liv i elvene. Om dette skjer er uvisst ettersom settefiskeanlegget har eit 8-tomsrør i inntaket til vassverket.

Naudvatn

Det bur ikkje tusenvis av menneske i bygda. Vatn til befolkninga har vi. Men kven prioriterar Vartdal Vassverk? Eg har budd både i Oslo, Trondheim og på Tjøme og aldri opplevd at vatnet i springen har vore vekke eller misfarga. Det er vatn til ein plastfabrikk og eit settefiskeanlegg som er prioriteten. Ja, dette er bedrifter som har mange arbeidsplasser men det er mange som har arbeidet sitt andre stadar.

Settefiskeanlegget har sidan 2010 bora etter grunnvatn og i tillegg satt brønnane 50 cm over bakken. Behovet for naudvatn bør med dette ha minka. Og meir dyrka mark i Ørsta kommune er omdisponert.

Det fins teknologi for å resirkulere vatn, noko mange settefiskeanlegg benytta seg av.

Kvifor blir ikkje dette nytta meir hjå Vartdalgruppa? Personleg trur eg ikkje behovet for vatn nokon gong stoppar for desse bedriftene og det er ikkje Tussa sitt ansvar å hjelpe settefiskeanlegget og plastfabrikken med vatn og samtidig øydelegge uberørte fjellområder.

Under befaringa kom det opp eit nytt forslag om å benytte meir av vatn i det allereie regulerte Risaskarvatnet som naudvatn. Kan for eksempel 30 cm meir regulering i Risaskarvatnet tilsvare 3 m av nedre Svartevatn? Dette er noko som ein må rekne på. Tussa kunne ikkje svare på kor djupt det var i Lisjevatnet og i Risaskarvatnet. Er det enkle og billege løysningar søkerane er ute etter? Og kva følger vil desse enkle løysningane få for framtidige generasjonar? Det er også mogleg å sjå om den kommunale Dalelinja kan bistå med naudvatn.

Sår i fjellandskapet og kulturminner

I Vartdalsfjella fins det fleire kulturminner som er fleire 1000 år gamle. På den andre sida av dalen oppe på fjellet har vi dei Julianske borgene. Rett ovafor Svartevatna finns det leiegjerder i stein som blei brukt til å jage rein ut for stupet og ned i vatnet. Dette er fornminne som ligg inne i den nasjonale kulturminnebasen Askeladden. Desse leiegjerda kan gå so lang tilbake til pionerbusetjinga for ca 11000 år sidan. Då kan ein som grunneigar på ein måte sjå på seg sjølv som ein urinnvånar og ein gir ikkje frå seg rettar som har tilhørt ålmenta for at dei so skal kome på få hender. Ein skulle nesten tru ein budde i Afrika.

Vi har allereie fleire sår i fjellområdet vårt. På Aarseth gjekk det i 2015 eit stort jord og stein ras og Busetfossen er lagt i røyr. Blir Svartevatnet tappa ned med 3 meter vil vi få samanhengane sår og krater i fjellheimen vår. Mange menneske brukar fjellheimen som rekreasjon og til å nyte naturen. Dette gir livsglede for mange i bygda og for tilreisande. På Vartdalsfjorden går det jamnleg turistskip forbi. Blir Skareelva og den karakteristiske kvite vasstripa også vekke vil enda ein identitet for bygda forsvinne. På Vartdal har ein snart ikkje lenger naturleg tilgang til sjøen ettersom industribedrifter ligg der. Som villsabonde er eg oppteken av beiteressursar og at biologisk mangfold blir teke vare på og at desse skal bli forvalta på ein god måte for nye generasjonar. Vi forpliktar oss å tenke langsiktig og bruke tid på å sjå på alternative løysningar og vere i dialog med kvarandre slik at ulike interesser bli ivaretakne. Sauene som beitar på fjellet må kome seg over vatna ved damhusa. Alt heng i hop og kommunikasjon mellom ulike interessegrupper er nødvendig for å finne optimale løysningar.


Beredskap og sikkerheit

På befaringa fekk grunneigarane beskjed om at det var vi som blei ansvarlege viss vatnet blei vekke på Vartdal. For eit vassverk bør 1.prioritet vere å gi vatn til befolkninga og 2.prioritet bør vere å sikre at der er nok trykk i brannhydrantane til sløkke brann. Dette var ikkje tilfelle ved siste husbrann, der det i tillegg blei tilkalla brannbilar frå Ørsta og Volda som ligg 2,5- 3 mil vekke frå bygda.

Økonomi-vassrekneskap og dobbeltroller

Det er vanskeleg å få innsyn i kor mykje vatn dei ulike bedriftene treng ettersom dei sjølve sit i styret for Vassverket og samtidig er i leiarposisjonar for Plastfabrikken og settefiskeanlegget. Dei har ikkje kalla inn til årsmøte sidan 2010. Det blir som med bukken og havresekken. Vassverket ordna nyleg

med eit renseanlegg i ein container. Vassverket meiner dei ikkje har opplysningsplikt ovafor befolkninga viss vatnet blir vekke. Som grunneigar har eg bedt om eit kart som viser kvar røyrgatene går over mine marker. Dette kunne ikkje skaffast. Som grunneigarar har vi ikkje innsyn i kor mykje bedriftene betalar i vassavgift. Tilliten til vassverket er ikkje stor. Der bør foreligge eit vassrekneskap og NVE bør ha innsyn i kor mykje vatn om går gjennom dei ulike røyra. Til dømes har eg hørt at Meieriet i Ørsta betalar over 1 million i vassavgift til Ørsta kommunen i året. Viss dette var avgifter Vartdal Vassverk fekk inn bør eigenkapitalen i selskapet vere god. Kvifor skal ein då få kjensla av å vere i takknemlegheitsgjeld til nokon som bevisst utnyttar fjellandskapet på ein skjødeslaus måte for å spare pengar og i neste omgang auke eigenkapital i sine respektive bedrifter? Her er mange dobbeltroller og her er fleire uklare privatrettslege forhold.



Alle har eit ansvar for at denne og komande generasjonar klarer å forvalte naturen og ressursane på ein bærekraftig måte. Som grunneigar har eg både vassledningar og høgspentledningar over beiter og slåttemark. Våre forfedre var stolte over selge rettigheter for å få lys i fjøsen og drikkevatn. Kvifor skal desse godene ikkje forvaltas på ein god måte for framtida?

Med vennleg helsing,

Anne Pilar Aarseth

Villsaubonde og billedkunstnar

Kontaktinformasjon: Mob:41606822 Adr: Kvithaugane 24, 6170 Vartdal. E-post: annepilar.aarseth@gmail.com

Kopi :

Ørsta kommune

Møre og Romsdal Fylkeskommune

Fylkesmannen

Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap

Tussa energi

Vartdal Vassverk

Naturvernforbundet